



Bilete syner planområde detaljregulering for Uskedalen Aktivitetshus.

Uskedal Idrettslag, konsulentfirma Civitas og arkitekt frå Lala Tøyen inviterer til oppstartmøte/stand i kveld, onsdag 23. september kl. 19 - 21, som gjeld detaljregulering knytta til utbygginga av Aktivitetshuset i sentrum av Uskedalen. Det vel 10 dekar store planområde omfattar både offentleg og privat areal. Uskedal Idrettslag er forslagsstillar. Civitas AS er plankonsulent. Lala Tøyen er arkitekt og landskapsarkitekt.

Målet med prosjektet er å utvikla eit klatre- og aktivitetssenter som kan skapa meirverdi, ein felles samlingsplass og ein sosial møteplass. Planområde er i samsvar med gjeldande Kommuneplan frå 2018. Det meste av arelet er avsett til offentleg føremål, noko er LNF område og bruk og vern av sjø og vassdrag (strandsone).

Utbyggjar hadde oppstartmøte med Kvinnherad kommune 13. mai 2020. Det vart ikkje sett krav til konsekvensutgreiing.

Bygget er plassert i område som i dag er skule og aktivitetsbygg. Bygget har i hovudsak to uttrykk, eit fleirbruksbygg over to etasjar med ei høgde på om lag 8 meter og eit tårnbygg/ ein klatrehall med ei høgde over 20 meter. Total areal for utbygging er på om lag 900 rutemeter.

Det estetiske uttrykket med eit så stort bygg i strandsona vert særskild omtala i sakspapira. Det går på arkitektur og høgde. Tilkomst og trong for parkering er også noko som må avklarast.

Fristen for å koma med innspel ved oppstart er sett til seks veker. Framlegg til plan er venta lagt fram til offentleg ettersyn i fyrste kvartal 2021. Endeleg plan kan vera ferdig sommaren 2021. Frist for merknader i denne omgang er 27. oktober.

Merknader skal sendast til Civitas AS, Grubbegata 14, 0179 OSLO, merka Aktivitetshuset. E-post: silje.hoftun@civitas.no

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Frå oppstartmeldinga